



Alle prisar det utvida SPAR både inne og ute, men det har vore ein flaskehals: Inn- og utkøyringa. No vert også den ordna, forhåpentleg slik at alle er fornøgd. Brødrene Musland Maskin (biletet) har i dag gjort det nødvendige inngrep på det kritiske punktet slik at det ikkje lenger blir problematisk å komma inn og ut.

For å utvida flaskehalsen måtte ein inn på den kommunale grunn som har høyrte til Gamlaskulen og her kom Uskedalen Utvikling inn i biletet som formidlar. Det neste blir Ova Stokka sitt gjerde mot Rabben, men det blir ikkje sett opp før til hausten.

Foto: Ola Matti Mathisen